



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS  
Kvingebakkevegen 97  
5981 Masfjordnes

Referanser:  
Dykkar: bc954331-a3c3-4fc4-ab55-  
9722afba75b4  
Vår: 22/152 - 23/1383

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
08.02.2023

## Melding om delegert vedtak - Søknad om endring av gitt tillatelse eller godkjenning gbnr 14/2

### Administrativt vedtak. Saknr: 017/2023

Tiltakshavar: Hosteland grunneigarlag SA  
Ansvarleg søker: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS  
Søknadstype: Søknad om endring av gitt løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

#### VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a løyve til endring av løyve gitt i sak 027/2022 på gbnr. 14/2, Hosteland naustområde på fygjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan, revisjon A, og snitt-teikning datert 25.01.23, med ei maksimal stigning på 1:2 med heimel i tbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/152

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av

plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.9	Delt sakshandsaming	1	2.700,-
	Totalt gebyr å betala		2.700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak


Det er søkt om endring av løyve gjeve i sak 027/2022 på Gbnr. 14/2, Hosteland naustområde, som gjeld riving av naust, opparbeiding av parkeringsplass og nausttomtar og utleggjing av flytebrygge.

#### Fakta

I samband med utføring av tiltak med planering for naustområde gjeve i saka har ein oppdaga at fylling mot sjø framfor nausta ikkje let seg utførast slik som planlagt då skråninga i fjæra og i marebakken er

brattare enn forutsatt. Ein søker difor å endra utforminga til stabla stein i standen for fylling med maksimal skråning 1:3. Nabo har kome med merknad til tiltaket, der han meiner at omsøkte endring vil vera ei usikker løysing om ein fell i sjøen.


Tidlegare løyve:



### Vurdering

Då det viser seg at første omsøkte løysing ikkje let seg gjennomføra i praksis utan evt. ei stor utfylling i sjøen, som kan koma i konflikt med reguleringsgrensa, finn ein å kunna gje løyve til ei brattare fylling mot sjø med stabla stein. Ei slik løysing med stabla stein i maksimal stigning på 1:2 vil gjera det mogeleg å klatra opp frå sjøen om ein fell uti og personsikkerheita blir dermed ivaretaken.

Nytt løyve:



Nabo har også fleire merknader, men desse berører ikkje den omsøkte endring og blir derfor ikkje behandla i denne saka.

### Konklusjon

Det vert gjeve løyve til endringa jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Mottakarar: